

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 20.06.2016
Vår ref.: 2015/6943-28
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.: «REF»

Likelydande brev til drosjesentralar og løyvehavarar med reserveløyve i Bergen køyreområde

Reserveløyve - køyretider

Løyvestyresmakta får inn mange klager på at reserveløyve ikkje respekterer dei nye køyretidene for reserveløyva. Ein presiserer derfor fylgjande:

Det går fram av drosjereglementet for Bergen køyreområde pkt. 4 at:

Det er driveplikt for reserveløyve, men reserveløyva skal likevel berre nyttast ved trafikktoppar. Løyvehavar pliktar å syte for at reserveløyve berre køyrer innanfor den vaktplanen som gjeld den sentralen ein er tilslutta, jf. pkt. 25 fjerde ledd. Brot på køyreplanen kan føre til tilbakekalling av reservedrosjeløyve. (vår understreking)

Bergen Taxi og Bryggen Taxi har eigne køyreplanar for sine tilslutta reserveløyve. Alle andre sentralar pliktar å fylgja køyretider fastsett av løyvestyresmakta:

*Måndag-torsdag kl. 05:00-10:00 og kl. 12:00-18:00
Fredag kl. 05:00-10:00 og kl. 12:00 – laurdag kl. 06:00
Laurdag kl. 17:00 – søndag kl. 06:00
Søndag inneståing
I julebordsesongen, under Festspillene og på 17. mai kan reserveløyva køyra fritt.*

Brot på køyretidene kan føra til tilbakekalling av reserveløyve.

Reserveløyva kan gå som erstatningsbil for den ordinære drosjen dersom vilkår for å nytta erstatningsbil er tilstade. Vilkår for bruk av erstatningsbil går fram av yrkestransportforskrifta § 48 der det heiter at «*Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stedet sette inn annen vogn som fyller kravene i første og andre ledd*» (vår understreking).

Ein presiserer at det ikkje er høve til å la reserveløyve køyra i staden for den ordinære drosjen av andre grunnar enn ved skade eller reparasjon på den ordinære drosjen. Bruk av reserveløyve i staden for den ordinære drosjen utan at vilkåra i § 48 er oppfylt, vert handsama som brot på køyretidene.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.